

Alvorleg skadd i mopedulukke

HARAM: Ein mann på rundt 20 år skada seg alvorleg i ei mopedulykke på Bjørnøy natt til 17. mai. Det kom luftambulans og henta han til sjukehuset i Ålesund. Så vart han flytta til St.Olavs hospital i Trondheim. Tilstanden til mannen var måndag formiddag alvorleg og stabil, ifølgje sjukehusets medieteneste. Han vert behandla på intensivavdelinga deira.



Båtmotoren var til vask

Båtmotoren som vart funne av elevar på Brattvåg ungdomskule har funne sin eigar. Eigaren av motoren tok kontakt med politiet og fortalde at motoren var plassert i elva med vilje. Motoren hadde lagt i saltvatten, og trengte ein skikkelig vask i ferskvatn.

4 NYHENDE

Nordre • tysdag 19. mai 2015


Slepp å sone for drapstrussel

Ei kvinne frå Haram i 30-åra er dømt for innbrot hjå eksen, drapstrussel, skadeverk, å ha tatt pengar som oppgjer for ein omtvista sum og å ha køyrd utan førarkort. Ho fekk 30 dagar betinga fengsel og må betale 4000 i bot til statskassa i Sunnmøre tingrett.

Ho tilsto. Aktoren ville under sterk tvil la kvinna slippe med betinga fengsel. Då slepp ho å sone hvis ho følgjer lova dei neste to åra. Ho er ikkje straffa tidlegare. Straff skal virke allmennpreventivt, det vil seie å avskrekke andre frå å utføre straffbare handlingar, men aktoren meinte at det var spesielle omstende i saka som gjorde at straff av allmennpreventive grunnar ikkje var naudsynt. Handlingane skjedde i affekt på grunn av sjalusi, og sjukdom har også medvirka til at ho ikkje kunne styre temperamentet. Kvinna sparka og slo bilen til sin tidlegare kjæreste så bilen fekk skader for 32 100 kr. Det vart ikkje kravd erstatning for skaden i retssaka.

Jag etter vind

Rasmus Hansson (Miljøpartiet) vil bygge ein større havvindpark, skriv Bergens Tidende. Også tidlegare har det vore foreslått. Vestavind fekk konsesjon i 2009 til å bygge ut landets første vindmøllepark til havs utanfor Sandøy kommune for rundt sju milliardar kr. Men tidlegare olje- og energiminister Ola Borten Moe (Sp) skrinla prosjektet då han avgjorde at parken må finansierast av marknadsprisen for kraft og grøne elsertifikat.



HAMNSUNDSAMBANDET Den grøne linja viser sambandet slik næringslivet ser det føre seg.

**MARKISER
PERSIENNER**
SCREEN • GARASJEPORTER



VÅRKUPP!
utvalgte produkter
-15-35%

Fasade
PRODUKTER

Kjetil Gammelsæter tlf: 913 01 210
eller ring sentralbordet tlf: 911 50 200
www.fasadeprodukter.no



Truga hubro på veg tilbake

Bestanden av hubro kan vere på veg opp att som følge av utbeta kraftmaster. Det er godt nytt for den raudlista ugla. Fagfolk håpar no at ugla kan fjernast frå lista over utryddingstruga artar i Noreg, skriv NRK. Årsaka er eit eige prosjekt der det er blitt montert sitjepinnar på kraftstolpar for å hindre at hubroane får straum i seg og døyr. Staten bruker i år fem millionar kroner på slike tiltak. – Eg har stor tru på at desse tiltaka på sikt vil gjere at han kan fjernast frå raudlista, seier viltforvaltar Tor Punsvik hjå Fylkesmannen i Vest-Agder til NRK. I planlegginga av Nordøyvegen har ein etter innspel frå Fylkesmannen lagt inn ein 170 meter lang miljøtunnel mellom Burberget og Durmålshaugane på Fjortoft, slik at hubro som hekkar på øya ikkje vert uroa av vegen. Ein skal og gjere tiltak i høgspennettet og mot støyande anleggsarbeid i hekkeperioden. (NPK, Nordre)

Misjonerte for Hamsundsambandet

– Tenk om vi kunne gjere ferdig Nordøyvegen og så fortsette med anlegget til Hamsundsambandet, sa Kjell Norvoll då han presenterte Hamsundsambandet for formannskapet i Haram.

– Tidspunktet for presentasjonen har vi valt meg omhug. Debatten om ny kommunestruktur er høgaktuell, og Hamsundsambandet vil legge til rette for ei framtidretta utvikling. Vi ser gjerne at Haram blir ein del av ei større kommune, vi vil gjerne nå tak i Ålesund, sa Kjell Norvoll ved Nogva Motorfabrikk.

Med Hamsundsambandet vil 70 000 innbyggjarar vere innanfor ein 30 minutt radius av Ålesund



Saman med andre representantar for næringslivet har Norvoll besøkt formannskapet i Giske, Ålesund og Haram for å orientere om sambandet. Sist tysdag viste han presentasjonen av Hamsundsambandet for formannskapet i Haram.

Hamsundsambandet

Hamsundsambandet skal gå frå Hamsund med fyllingar og småbruer til Kalvøya, vidare via undersjøisk tunell til Kverve på Ellingsøya.

Selskapet er etablert ut fra et sterkt ønske fra lokalt næringsliv om betre kommunikasjonar til flyplass og regionsenter, samt at dei tre kommunane ser eit stadig aukande behov for ein større bo- og arbeidsmarknadsregion i området.

Hamsundsambandet AS er eit interkommunalt aksjeselskap, med deltaking fra lokalt næringsliv i dei tre kommunane. Gruppa som representerer næringslivet i regionen er Kjell Norvoll, Nogva Motorfabrikk, Roar Engås fra Rolls-Royce, Else Karin Åsøy og Ove Tennfjord fra Vard og Nils Arne Engeset fra Mørenot.

Sparer tid

Næringslivet meiner at Hamsundsambandet er ein føresetnad for framtidig utvikling på Nordre, og vil vere svært viktig for utviklinga, meiner gruppa som representerer næringslivet i regionen.

– Med ei slik løysing vil rei-



GRUPPE

Gruppa som reiste rundt i formannskapet og misjonerte for Hamsundsambandet. Frå v. Nils Arve Engeset frå Mørenot, Guttorm Ulla, dagleg leiar av Haram Innovasjonsstudio, Kjell Sandli, dagleg leiar i Hamsundsambandet og Kjell Norvoll, Nogva Motorfabrikk. Foto: Hjørdis Kristine Skaar

sande mellom Nordøyane/Nordre og Ålesund spare inntil 45 minutt reisetid kvar veg, sa Norvoll. Han meinte at verdiaksen vil vere svært viktig for utviklinga av regionen, og syte for at næringslivet er liv laga i framtida. Norvoll opplyste at regionen har om lag 3000 tilsette i industrien med ein total omsetnad på om lag 12 mrd. NOK.

Urbanisering

– Med sambandet vil næringsutviklinga og verdiskapinga i regionen verte styrka og knytt tettare saman. Med Hamsundsambandet vil 70 000 innbyggjarar vere innanfor ein 30 min radius av Ålesund. Frå Søvika til Ulsteinvik vil det ta under 1 time med Hamsundsam-

bandet, Borgundfjordtunnelen, Veddemarkstunnelen og Hafast, opplyste ein engasjert Norvoll.

Miljø

I presentasjonen vart det vist til at Hamsundsambandet vil gi store miljøgevinstar. Ein får trafikk bort frå bumiljø rundt Grytafjorden, sparer drivstoff og sparer kostnader for bedrifter og private.

Det vart og peika på at Hamsundsambandet vil avlaste den nye Lerstadvegen og bidra til å gi byen eit meir fleksibelt transportsystem.

HJØRDIS KRISTINE SKAAR
hjordis@nordrenett.no

PLANPROGRAM

- ➔ Planprogrammet vedtatt 2012
- ➔ Kommunedelplanarbeidet igangsett 2013
- ➔ Status 2015: Det gjenstår følgjande utgreingar av kommunedelplanarbeidet:
 - ➔ Kulturminneundersøking, landskapsanalyse, støy mv.
 - ➔ Utarbeide planomtalen og plankart.
 - ➔ Fullfinansiere kommunedelplanarbeidet.
 - ➔ Fullfinansiere reguleringsplanarbeidet.
- ➔ 2016 Godkjent kommunedelplan. Oppstart reguleringsplan
- ➔ 2018 Godkjent reguleringsplan
- ➔ 2022 Oppstart bygging (Avhengig av at planarbeidet følgjer framdrift og at Hamsundsambandet blir finansiert. For å få på plass finansieringa må Møre og Romsdal fylkeskommune og Staten verte involvert.)



19⁹⁰
pr. pk

LAKSEFILET NATURELL
Kløver m/skinn 200 g 99.50/kg



14⁹⁰
+ pant

ANANAS / SITRONBRUS
Sylte 1,5 l 29.80/l



29⁹⁰
pr. pk

HENNIG OLSEN KRONE-IS
6 pk Jordbær og sjokolade,



9⁹⁰
pr. pk

BLÅBÆR I BEGER
125 g 79.20/kg



19⁹⁰
pr. kurv

JORDBÆR
500 gr Belgia

BUNNPRIS

For butikker og åpningstider se bunnpris.no

Gjelder tom 24.mai og kun private husholdninger. Forbehold om prisendringer, trykkfeil og utsolgte varer.